

Bjørnebøle får sankepengar etterbetalt

18.09.2014

**Bjørnebøle sankelag får 24 280 kroner i etterbetalt tilskot til sanking for 2013, melder kommunen.
Bakgrunn for saka er at leiaren i sankelaget fekk problem med å leggja inn data. Arbeidet ikkje vart fullført. Alle papir vart oversendt men vart ikkje registrerte som innkomen post i kommunen.**

På den tida var det stort arbeidspress ved landbrukskontoret grunna innføring av nye gardskart, eStil og ein generelt stor aktivitet i landbruket i kommunen. I tillegg var 2 medarbeidarar som arbeider med desse kommunen ute med sjukemelding, Difor vart det heller ikkje registrert at rapporten frå sankelaget ikkje var komen inn. Uheldige omstende gjorde at søknaden ikkje vart ferdigstilt.

Feilen vart ikkje oppdaga før tilskotet vart forventet utbetalt. Kommunen vil difor etterbetala tilskotet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen